

**Tilsynsrapport**  
sak 2021-10

Trafikkberedskap på omkøyringsruter

Nye Veier AS

<b>Saksnummer</b>	2021-10
<b>Publiseringsdato</b>	22.12.2021
<b>Tilsynslag</b>	Ingebjørg Midthun, tilsynsleiar Sverre Slettemark, fagrevisor veg Liv Rørlien, fagrevisor juridisk
<b>Tilsynspart</b>	Nye Veier AS

## Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Nye Veier AS. Tilsynssaka handlar om Nye Veier har trafikkberedskapsplanar og om risiko på omkøyringsrutene er identifisert.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn.

Vi ber tilsynspart innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis observasjonen vil bli handtert. Vi gjer merksam på at observasjonar ikkje er bindande for tilsynspart.

22.12.2021

Sign.:



---

Magnus Steigedal  
direktør

Sign.:



---

Ingebjørg Midthun  
tilsynsleiar

## Samandrag

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Nye Veier har trafikkberedskapsplanar og om risiko på omkøyringsrutene er identifisert.

Tilsynssaka har vist at Nye Veier har trafikkberedskapsplanar.

Vegtilsynet har gitt ein observasjon på at Nye Veier bør sikre at alle lokale trafikkberedskapsplanar blir oppdaterte.

## Innhold

<b>Tilsynsrapport</b> sak 2021-10 Trafikkberedskap på omkøyringsruter .....	0
Nye Veier AS .....	0
Om rapporten .....	2
Samandrag .....	3
Innhold.....	4
1. Bakgrunn .....	5
2. Mål.....	5
3. Gjennomføring og metode .....	6
4. Tilsynsresultat .....	7
5. Konklusjon.....	12

## 1. Bakgrunn

Hendingar på veg, som for eksempel trafikkulykker, skred og flaum, eller andre planlagde stengingar, kan få store konsekvensar for trafikkavviklinga. Ved bruk av omkøyringsruter blir det ofte sett ny type, ulik samansetning og auka mengde trafikk på vegen. Ein viktig del av trafikkberedskapen er å identifisere, og om mogleg, forebygge problempunkt på omkøyringsrutene, slik at sikkerheita for trafikantane blir ivaretatt.

Det går fram av veglova § 10 at Nye Veier på same måte som Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunen, har eit sjølvstendig ansvar for beredskap. Nye Veier skriv i sin overordna trafikkberedskapsplan at «Trafikkberedskap omfattar planlegging, organisering og gjennomføring av tiltak for en effektiv håndtering av hendelser på veg».

Vegtilsynet ønsker å undersøke om Nye Veier har trafikkberedskapsplanar for strekningar dei har ansvar for og om risiko på omkøyringsruter er identifisert.

## 2. Mål

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Nye Veier har trafikkberedskapsplanar og om risiko på omkøyringsrutene er identifisert.

### **Avgrensing**

Vegtilsynet har ikkje undersøkt om identifiserte begrensingar på omkøyringsrutene er vurderte av tilsynspart og om eventuelle tiltak er vedtekne.

Vegtilsynet har ikkje vurdert tiltaka som går fram av skjema «Begrensninger på omkjøringsrute», eller om det er behov for fleire tiltak.

### 3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon etter prinsipp i NS-EN ISO 19011 *Veiledning for revisjon av ledelsessystemer*, med visse tilpassingar.

Det vart gjennomført eit møte med tilsynspart 02.07.2021 for å gjere avklaringar omkring oppstart av sak. Vegtilsynet sende varsel om tilsyn 07.09.2021. Det vart gjennomført opningsmøte med tilsynspart 24.09.2021 for å informere ytterlegare om tilsynssaka, gjere naudsynte avklaringar om gjennomføringa av tilsynet, og å opprette ein god dialog med tilsynspart.

Det går fram av veglova § 11 b at verksemda ikkje berre skal ha eit styringssystem, men også bruke styringssystemet. I denne saka har Vegtilsynet undersøkt om tilsynspart bruker interne krav i styringssystemet. Tilsynskriteria er utleidd frå Nye Veiers eigne krav på området.

Tilsynssaka omfattar desse tre strekningane<sup>1</sup>, som tilsynspart har driftsansvar for, og som det er sett trafikk på:

- E18 Rugtvedt–Dørdal, 16,5 km, opna 02.12.2019
- E18 Tvedestrand–Arendal, 22 km, opna 02.07.2019
- E6 Kolomoen–Moelv, 42 km, opna i perioden oktober 2019 til desember 2020

Totalt er det 11 omkøyringsruter på dei tre strekningane.

Vegtilsynet har gjennomført dokumentgjennomgang av relevant dokumentasjon og inspeksjon på veg av dei 11 omkøyringsrutene. Inspeksjonen vart gjennomført i perioden 22.09.21–24.09.21.

Vegtilsynet har fått dokumentasjonen i saka ved å få tilgang til tilsynspart sitt styringssystem (EQS)<sup>2</sup>.

Tilsynspart har lagt forholda til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.




---

<sup>1</sup> Basert på informasjon frå Nye veier si heimeside.

<sup>2</sup> Nye veier AS sitt styringssystem, tilgjengeleg digitalt. EQS er forkortelsen til Extended Quality System.

## 4. Tilsynsresultat

Symbol som er brukt for å illustrere tilsynsfunna i rapporten går fram av tabellen under.

Symbol	Vurdering av samsvar med tilsynskriterium
	Avvik: Manglande samsvar med krav
	Observasjon: Forhold der ein gjennom tilsynet har sett at det er potensial for forbetring hjå tilsynspart
	Undersøkinga har ikkje avdekkja avvik eller observasjonar

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 07.12.2021, med frist for å gi tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav slik tilbakemelding innan fristen, og dette er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

### Tilsynskriterium 1: Nye Veier skal ha lokale trafikkberedskapsplanar

Nye Veiers prosess ID 1439 «*Forberede driftsfasen*» skal vise aktivitetar i overgangen frå utbygging til drift. Dokumenta *Overordnet trafikkberedskapsplan* og mal for lokal trafikkberedskapsplan er knytt til aktiviteten «Planlegge drift/oppstart», og i aktiviteten «Gjennomgå grensesnitt» ligg *Plan for omkjøring, to-veistrafikk, etc (overordnet trafikkberedskap)* og «Utarbeide trafikkberedskapsplan».

Planverket for beredskap i Nye Veier skal bestå av *Overordnet trafikkberedskapsplan* på selskapsnivå, og *Lokal trafikkberedskapsplan* på lokalt nivå, sjå kapittel 2 i Nye Veiers *Overordnet trafikkberedskapsplan*. I planens vedlegg 3 *Oversikt over lokale trafikkberedskapsplaner* står det at «Lokale trafikkberedskapsplaner inneholder omkjøringsruter og planer for å håndtere spesielle lokale forhold på strekningen.»

### Tilsynsbevis

Dokumentgjennomgangen har vist at tilsynspart har ein overordna trafikkberedskapsplan som er godkjent 02.06.2020. Tilsynspart har driftsansvar for tre strekningar, men den lokale trafikkberedskapsplanen for Kolomoen–Moelv er ikkje nemnd i oversikta over lokale

trafikkberedskapsplanar, sjå *Overordnet trafikkberedskapsplan* vedlegg 3. Undersøkinga har likevel vist at Nye Veier har lokale trafikkberedskapsplanar for dei tre strekningane som tilsynspart har driftsansvar for.

Vegstrekinga E6 Kolomoen–Moelv vart opna i perioden oktober 2019–desember 2020. Tilsynspart opplyste at den lokale trafikkberedskapsplanen vart sendt over til Vegtrafikksentralen 29.06.2020.

Vegstrekinga E18 Tvedestrand–Arendal vart opna 02.07.2019, men først overtatt av driftsentrepreneur 16.09.2019. Tilsynspart opplyste at den lokale trafikkberedskapsplanen vart godkjent 16.09.2019, og at det var ein eigen varslingsplan som skulle brukast i perioden 02.07.2019 til 16.09.2019.

Vegstrekinga E18 Rugtvedt–Dørdal vart opna 02.12.2019 og den lokale trafikkberedskapsplanen vart godkjent 18.02.2020. Dette er tre månader etter opning.

 ***Undersøkinga har ikkje avdekket avvik eller observasjonar***



## Tilsynskriterium 2: Den lokale trafikkberedskapsplanen skal vise begrensninger på omkøyringsrutene

Dei lokale trafikkberedskapsplanane skal innehalde omkøyringsruter, jamfør *Overordnet trafikkberedskapsplan*, vedlegg 3 *Oversikt over lokale trafikkberedskapsplaner*. Malen for den lokale trafikkberedskapsplanen inneheld eit skjema som skal fyllast ut for kvar omkøyringsrute, og skjemaet skal vise begrensningar på omkøyringsruta, jamfør lokal trafikkberedskapsplan, kapittel 6 Appendix B Omkøyringsruter.

Figur 1: Skjema «Omkøyringsruter»

<b>STREKNING</b> <b>KARTREFERANSE; Kryssnavn - Kryssnavn</b>	
Fra	XKRYSSNR KRYSSNAVN
Via	XVEINR/VEINR
Til	XKRYSSNR KRYSSNAVN

Begrensninger på omkøyringsrute <sup>2</sup>	
Gjelder omkjøring for alle kjøretøy	
Omkjøring i hvilken retning	
Bredde	
Begrensninger for modulvogntog (BK10/60 25,25m)	
Max aksellast	
Begrensninger på bro	
Høydebegrensninger (sted og begrensning)	
Lysregulering	
Fremkommelighet og vinterdriftsklasse	
Spesielle forhold (skole, barnehage, ekstra tiltak)	

Økt kjøretid/lengde	
Økt kjøretid (personbil)	
Økt lengde (personbil)	

Tiltak for driftsentreprenør	
Tiltak for driftsentreprenør ved omkjøring	

<sup>2</sup> For oppdatert opplysninger, se SVVs veilister og vegkart.no

## Tilsynsbevis

Vegtilsynet har samanlikna informasjon i dei framlagde lokale trafikkberedskapsplanane med dei observasjonar som Vegtilsynet gjorde ved inspeksjon av omkøyringsrutene. Undersøkinga viste at skjema for to omkøyringsruter manglar ei beskriving av at det er skular på omkøyringsruta. Dette gjeld omkøyringsruta Grenstøl–Longum, der det er to skular langs vegen, og omkøyringsruta Åkersvika–Vien (E6 Kolomoen–Moelv) der det er ein barneskule langs vegen. Nye Veier opplyser i tilbakemelding etter faktasjekk: «Det er kartlagt skoler som ligger på omkøyringsruter. I det konkrete tilfellet ligger skolene på ‘gammel’ europavei og det er gang- og sykkelvei tilknyttet skolene, slik at det ikke har vært ansett å utgjøre en risiko. For planen som har tatt med skoler, så er det er andre lokale forhold av betydning.»

Dokumentgjennomgangen viste at det står i skjema for to omkøyringsruter i den lokale trafikkberedskapsplanen E18 Tvedestrand-Arendal at vinterdriftsklasse er førebels. Dette gjeld omkøyringsrutene Grenstøl–Longum og Longum–Harebakken, der det i skjemaet står at vinterdriftsklassen er «foreløpig, bør sjekkes om dette endre før vinter 2019/20». Det står også i planen at entreprenøren skal kontrollere friksjonsforhold på omkøyringsrutene ved vinterdrift under visse føresetnadar. Nye Veier skriv i tilbakemelding frå faktasjekk: «Det er ikke Nye veier sitt ansvar å fastsette vinterdriftsklasse på omkøyringsruter, det gjør vei-eier av omkøyringsrute.»

Auka køyretid og auka lengde er ikkje fylt ut for dei tre omkøyringsrutene som er omfatta av den lokale trafikkberedskapsplanen E18 Tvedestrand–Arendal.

Dokumentgjennomgangen viste at Nye Veier hadde notert at det var dårleg vegdekke på éi omkøyringsrute, at det delvis mangla gang- og sykkelveg på éi omkøyringsrute, og at det var mange avkøyrslar på éi omkøyringsrute. Under inspeksjonen undersøkte Vegtilsynet om tilsvarande forhold kunne observerast på fleire av omkøyringsrutene. Vegtilsynet observerte under inspeksjonen at det var ei omkøyringsrute som hadde dårleg vegdekke, og det var éi omkøyringsrute som delvis mangla gang- og sykkelveg utan at det var kommentert i skjemaa. Det var fire omkøyringsruter med mange avkøyrslar utan at dette var kommentert.

## **Vurdering**

Nye Veier drifter i dag tre strekningar med nybygde firefelts vegar på til saman 80 kilometer. Fleire av omkøyringsrutene til desse strekningane var tidlegare klassifisert som europaveg.

Undersøkinga har vist at Nye Veier har lokale trafikkberedskapsplanar for alle strekningane, og at dei fleste forhold som Nye Veier har sett som krav at skal kartleggast, viser igjen i beskrivinga av begrensningar for den enkelte omkøyringsruta.

Det er likevel to punkt som gjer at den lokale trafikkberedskapsplanen for Tvedestrand-Arendal framstår som uferdig og ikkje oppdatert. Det står i planen at vinterdriftsklassen på to av omkøyringsruter er førebels, og at det bør undersøkast før sesongen 2019-2020 om vinterdriftsklassen er endra. Planen er heller ikkje fylt ut for auka køyretid og lengde.

Vegtilsynet noterer at mange avkøyrslar og dårleg vegdekke er ført opp som begrensningar på enkelte omkøyringsruter, medan det Vegtilsynet reknar som tilsvarende forhold ikkje er ført opp som begrensningar på andre omkøyringsruter. Vegtilsynet har i denne saka ikkje undersøkt i kva grad det er interne krav til at slike forhold skal synleggjerast i skjemaet. Dersom dette er forhold som Nye Veier meiner har betydning for trafikksikkerheita, bør dette gå fram av alle trafikkberedskapsplanane.



### **Funn 1 – observasjon**

Nye veier bør sikre at alle lokale trafikkberedskapsplanar blir oppdaterte.

## 5. Konklusjon

Tilsynssaka har vist at Nye Veier har trafikkberedskapsplanar.

Vegtilsynet har gitt ein observasjon på at Nye Veier bør sikre at alle lokale trafikkberedskapsplanar blir oppdaterte.